



Vestlandsbryggen As
Ellerhusens vei 36
5043 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1642 - 17/4821

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
13.03.2017

Godkjenning- Søknad om legging av flytebrygge, Gbnr 50/3 Ypsøy

Administrativt vedtak. Saknr: 70/2017


Tiltakshavar: Vagleik Ypsøy
Ansvarleg søkjar: Vestlandsbryggen AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Ansvarleg søkjar Vestlandsbryggen AS har på vegne av tiltakshavar Vagleik Ypsøy søkt om løyve til utlegging av ei flytebrygge opplyst til å vera 29 m² (2,4*12m), og ein landgang på 2 meter på gbnr 50/3 på Ypsøy i Meland kommune.

Flytebrygga skal leggjast frå godkjent trekai på eigedommen, som var godkjent saman med oppføring av saltebu/naust i DNT vedtak 207/2016. Søknad om legging av flytebrygge på 29 m² var omsøkt saman med oppføring av saltebu/naust og kai. Administrasjonen delte flytebrygga frå saltebu/naust og kai til å gjelde eigen sak, då tiltaket blei vurdert til å vera søknadspliktig med krav om ansvarleg føretak etter Pbl § 20-4.



Tiltaket er godkjent av Bergen og omland havnevesen gjennom vedtak av 23.3.2016.

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Det vert vist til søknad med vedlegg journalført motteke 6.3.2017.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 16.2.2017, i samsvar med pbl § 21-3.

Det er ikkje motteke merknad frå naboar. Då tiltaket var omsøkt saman med saltebu og kai, kom det merknader frå tre av naboeigedommane. Merknadene var blant anna knytt til tilflott ved etablering av flytebrygge. Sidan kommuneadministrasjonen den gang delte saka til å gjelde to tiltak, var merknadane knytt til flytebrygge opplyst at ville bli vurdert ved ei evt. godkjenning av flytebrygge som eige tiltak.

Ansvarleg søker har no nabovarsla tiltaket om flytebrygge på nytt, det er ikkje motteke merknader. På grunn av sakshistorikken ved oppdeling av tiltaka, legg administrasjonen naboane i saka som kopimottakar av vedtaket, og naboar har dermed klagerett på vedtaket.

Lovgrunnlag og planstatus:

Gbnr 50/3 er ein matrikelregistret landbrukseigedom med samla areal på om lag 190 dekar. Sjøarealet utanfor eigdommen der tiltaket skal plasserast er i kommuneplanen sin arealdel (KPA) avsett som område for framtidig småbåthamn/flytebrygge (FL_10). Område på land er avsatt i KPA som Spreidd næring (SN_7). Føremålet for området (SN_7) på Ypsøy er satt til *Saltebu, lager, gjestemottak, kai/brygge, småbåthamn*. Tiltaket er i samsvar med arealformålet og utløyser ikkje plankrav.

Det ligg føre løyve frå Bergen og omland havnevesen om løyve til tiltaket. Administrasjonen vurderer at tiltaket ikkje krev dispensasjon frå korkje arealformålet eller byggjeformålet i strandsona.

Plassering og utforming av tiltaket:

Omsøkt plassering kan godkjennast som omsøkt. Tiltaket kan etablerast i samsvar med vedlagte teikningar journalført motteke 6.3.2017.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar og tiltaksklassifisering i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan, dagsett 27.1.2017. Ansvarleg i byggjesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf. pbl § 23-1. Ansvarleg søker skal samordne dei ansvarleg prosjekterande, utførande og kontrollerande, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-3 løyve til legging av flytebrygge på 2,4*12 m samt landgang på 2 meter på gbnr 50/3 på Ypsøy i Meland kommune, i samsvar med søknad journalført motteke 6.3.2017.

Plassering og utforming av tiltaket skal vera som vist på vedlagt situasjonskart journalført motteke 6.3.2017.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyve bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart og teikning
Søknad om løyve i eitt trinn GBNR 50/3

Kopi til:

Astrid Margot Veland	Lyderhornslie 41	5178	LODDEFJORD
Atle Øpsen	Strimmelen 25	5097	BERGEN
Jarle Bernt Veland	Søre Nyhaugåsen	5230	PARADIS
	25		
Jorunn Berland Øpsen	Utsikten 25	5162	LAKSEVÅG
Viktor Aase	Nedreberglien 15	5178	LODDEFJORD

Mottakere:

Vestlandsbryggen As
Vigleik Mikal Ypsøy

Ellerhusens vei 36 5043
Øpso 17 5917

BERGEN
ROSSLAND